

Til medlemmar i IL Fanaråk

Skjolden 1.februar 2025

Sakliste og saksdokument for årsmøte i IL Fanaråk 2024

Styret viser til innkalling til årsmøte av 15.januar 2025.

Årsmøtet blir halde den 25.februar kl 19.00 på Fjordstova, Skjolden.

Under følger saklista for årsmøtet:

- Sak 1: Godkjenne de stemmeberettiga medlemmene
- Sak 2: Velje ordstyrar
- Sak 3: Velje skrivar
- Sak 4: Velje to medlemmar til å skrive under protokollen
- Sak 5: Godkjenne innkallinga
- Sak 6: Godkjenne saklista
- Sak 7: Behandle idrettslagets årsberetning, herunder eventuelle gruppeårsmeldinger
- Sak 8: Behandle
 - Sak 8.1 Idrettslagets regnskap
 - Sak 8.2 Styrets økonomiske beretning
 - Sak 8.3 Behandle kontrollutvalgets beretning
- Sak 9: Behandle forslag og saker
 - Sak 9.1 Sognefjellet Sommerskisenter
 - Sak 9.2 Lov for IL Fanaråk
- Sak 10: Fastsette medlemskontingent
- Sak 11: Vedta idrettslaget sitt budsjett
- Sak 13: Behandle idrettslaget sin organisasjonsplan
- Sak 14: Foreta val – vedlegg - innstilling frå valkomiteen

Vedlagt følger følgande dokument:

- Idrettslagets årsberetning, og gruppeårsmeldingar
- Regnskap i revidert stand
- Kontrollutvalet sin beretning
- Styrets økonomiske beretning
- Forslag og saker, herunder eventuelle lovendringar
- Styrets forslag til medlemskontingent, og eventuelt treningsavgifter eller vedtak om fullmakt
- Styrets forslag til budsjett
- Styrets forslag til organisasjonsplan
- Valkomiteen si innstilling

Ved spørsmål om årsmøtet, ta kontakt med styreleiar Elin Hauge

Med vennleg helsing
Styret IL Fanaråk

Årsberetning til årsmøte

IL Fanaråk

2024

Innhald

Styret sin samansetning.....	3
Styret sitt arbeid	3
Idrettslagets organisering	3
Aktivitet.....	3
Medlemstal	8
Styrets økonomiske beretning.....	8
Signatur	8

Styret sin samansetning

- Leiar: Elin Hauge
- Nestleiar: Stine Rebni Bjørk
- Styremedlem(mar): Jakob Øygard, Monica Hundere, Vegard Fodnes, Mona Bukve
- Varamedlem(mar): Anja Skagen, Torill Neverdal

Styret sitt arbeid

Styret sitt arbeid gjennom året.

- IL Fanaråk har saman med Luster røde kors hjelpekorps og Luster kommune hatt opning av Servicebygget i Turtagrø
- IL Fanaråk har delteke i Luster idrettsråd og Friluftsrådet.

Idrettslagets organisering

- Medlemmar i valkomité: Stine Mari Fuglesteg, Liv Marit Heltne, Marie Fodnes
- Medlemmer i kontrollutval: Vegard Bolstad, Hans Kristian Sæta, Lene Wiese
- Luster Idrettsråd: Elin Hauge
- Sognefjellet sommarskiser: Anders Fortun og Mona Bukve
- Fotball: Arild Paulsen
- Ski: Ole Martin Brennsæter
- Turorientering: Stine Mari Fuglesteg
- Trim: Lena Stai Bolstad, Hege Hagen, Mona Bukve
- Klatring: Sigurd Hauge

Aktivitet

Styret

Styret i IL Fanaråk har dette året gjennomført 2 fysiske styremøter. Anna møtevirksomheit har føregått via digital korrespondanse.

Aktivitet:

- Basar i mars, overskot over 60 000 kr
- Arbeid med og opning av Servicebygget i Turtagrø 20.april 2024. Eit samarbeidsprosjekt med Luster røde kors hjelpekorps og Luster kommune
- Stoplejakt, samarbeidsprosjekt med dei andre idrettslaga i kommunen
- Aktivitet for born under Kulturdagane på Skjolden
- 13.oktober: aktivitetsekveld i samband med Verdsdagen for psykisk helse
- 20.oktober: Løp for meg i samband med TV-aksjonen. Samla inn 10510 kr til barnekreftforeningen
- 13.desember: Nissemarsj og gløggkveld
- Trimgruppa arrangerte fellestur til Nosi. IL Fanaråk mottok 10 000 kr frå Astri Dærgni til merking av turen. I 2024 markerte me opning av stien med turen.

Viser elles til Året som har gått 2024 som ligg på heimesida.

Fotball 2024

I 2024 var det kun miniputt-treningar i Luster. Etter oppstart 8.april, var det trening kvar mandag. Har delteke på 4 turneringar i Vik, Gaupne, Leikanger og Sogndal.

Seniorfotballen har som alltid hatt 2 treningar i veka. Ute på bana i sommar-halvåret, og inne i salen på fjordstova vinterhalvåret. Med deltakarar frå 13 til over 60 år.

Samarbeidslaga HBF 1,2 og 3 har spelt i 5,6 og 7 divisjon, og me har fått sjå fleire kampar og treningar på Skjolden i løpet av 2024. 1 juni på Kulturdagane, arrangerte me turnering i 7.div. Satsar på fleire kampar og treningar frå samarbeidslaget i 2025, sjølv om det ikkje vert noko 3. lag og 7. div

Banesjef Hans Arvid hadde som alltid full kontroll på bana!

For fotballgruppa Arild Paulsen

Trim 2024

Volleyball

Volleyballen har hatt treningar på Fjordstova på søndagar kl. 18.00-19.30, samt nokon ekstra treningar i jula. Me har og hatt treningar ute på sadvolleyballbanen i sommar, noko som er veldig veravhengig. Treningane har vore opne for alle frå 8. klasse og oppover.

Me har gjennomført 39 treningar i 2024, noko som ny rekord. 2 har vært avlyst på grunn av arrangement i salen.

Me er ein relativt stabil kjerne på 8-9 spelarar. Til saman var 40 personar innom i løpet 2024. Snittet er no på 9,5 spelarar pr kveld, og me har hatt fleire kveldar der me må sette strek på 12 stk; noko som er eit luksusproblem.

Videre vekst er ikkje realistisk, så målet for 2025 er å oppretthalde dagens aktivitet.

For volleyball

Lena Stai Bolstad

Barneidrett

Barneidretten har hatt 7 veker med aktivitet frå haustferien og inn mot jul. Aktivitetane har vore: sykling og friidrett i Hestehagen, tumling, bading, skyting for dei eldste, klatring, innebandy og fellestur til Øygarden.

Det har vore ymse oppmøte, men me opplev at dei som har høve kjem og at det er ein fin arena for ungane å vere aktive på. Me ser eit godt samhold og tykkjer det er veldig fint å ha eit tilbod for dei heilt minste slik at også dei er inkludert. Det har vore alt frå det minste på rundt 4-6 ungar til rundt 20-25 ungar. Me opplev eit mindre oppmøte av 5.-7. klasse og reknar med at det er fordi me ikkje heilt treff målgruppa.

For barneidrett

Trine S Midtun

Basistrening

I 2025 har me gjennomført 29 basistreningar. Det har vore frå 2 – 8 stk på treningane. Treningsdagane har variert litt mellom måndag og onsdag. Me føl sesongen og varierar mellom å vere inne og ute. Inntreningane har vore på Fjordstova, der me har hatt øvingar til musikk. Ut har me vore på Øyane og ute ved skulen.

Basistreningane passar for alle frå 8.klasse og oppover. Ein jobbar med kondisjon, styrke, balanse, mobilitet og stabilitet. Ein vel styrke og intensitet sjølv, me jobbar individuelt saman med andre.

For basistrening

Mona Bukve

Klatring 2024

Klatregruppa har dette året arrangert klatring innandørs på Fjordstova i vinterhalvåret.

Tilbodet har vore for alle medlemmar av idrettslaget som har lyst til å klatre.

Klatringa har føregått annakvar veke frå kl 18:00-20:00.

Forutan den vanlege klatringa har me via klatregruppa vore med og bistått med sikrarar for barnas turlag i mars samt halde klatreveggen open med sikrarar under arrangementet verdsdagen for psykisk helse i oktober.

Tilbodet har vorte mest nytta av born i barneskulealder. Me vonar at når tilbodet går seg litt til so kanskje det kjem meir vaksne og prøver dette. Forutan at det er god trim i eitt lågterskeltilbod so er det ogso sosialt.

Tilbodet er so godt tilrettelagt frå idrettslaget at ein treng ikkje noko utstyr sjølv for å prøve samt at det er gratis for alle medlemmar å komme på desse kveldane.

Luster idrettslag meldte si interesse for eit samarbeid, det er klatregruppa positive til sidan me har fleire Lustringar som er med å bidreg under arrangementa. Det hadde og kunne vorte ein fin arena for ein møteplass mellom bygdene

Klatregruppa set uendeleg stor pris på at frivillige med brattkort stiller opp og er med å sikrar! Utan desse hadde det vore vanskeleg å laga til eitt tilbod.

Det har vorte ytra ynskje om nytt brattkortkurs i regi av laget frå medlemmar som er interesserte.

For klatregruppa

Sigurd Hov Hauge

Ski 2024

Det er gjennomført fem skikaruseller i Hestahagen og Turtagrø, med totalt 33 deltakere.

Et høydepunkt i 2024 var åpning av servicebygget i Turtagrø, som gir gode muligheter for større aktivitet.

Skigruppa jobber med planlegging av en mer kuppert skiløype i Fortun på Drægni-sida. Vi har tidligere jobbet med en spillemiddelfinansiert løype, delvis med lys, men jobber nå med en kortere trase uten lys som vil være enklere og rimeligere løsning. I desember gjennomførte vi synfaring med grunneier som blir mest berørt, som er positiv til tiltaket. Forutsatt at vi får nødvendige avtaler på plass, så håper vi at løype kan være klar til sesongen 25/26.

For skigruppa
Ole Martin Brennsæter

Turorientering 2024

- Felles opningstur på nye turstien over Nosi frå Turtagrø via Vardanosi laurdag 14.september. 14 stk deltok på fellesturen.
- Framhald av fadderordninga på turpostane.

Det blir utdeling av premiar i mars 2025 til alle som har oppnådd gullkravet i turorienteringa 2024.

Trimkort selde: 64 stk (2 meir enn i 2023)

Trimkort innlevert: 57 stk (5 meirenn i 2023)

Tal trimmarar på alle postar: 9 (3 fleire enn i 2022)

Trimmarar med gullkrav for fyrste gong: Rita Helene Bolstad, Magne Fjøsne, Marte Ødegård og Kari Ingeborg Bukve

Gullplakett 15 år: Bendik Eide Bukve og Britt Veum Hauge

20 år: Knut Stokkenes

25 år: Venke Alme og Mona Bukve

30 år: Gerd Marit Listou

Besøkstal trimpostar:

Vetleåsen: 345 (220)

Fuglesteg: 482 (390)
Furåsen: 162 (150)
Kolnosi: 70 (62)
Bak Kolnosi: 36
Berdalsfjellet: 311 (525)
Hurrbakk: 100 (280)
Vardanos: 104 (160)
Helgedalsnosi: 190 (31)
Nedre dyrhaug: 259 (310)
Skauthaugane: 41 (12)
Øvstestølen: 92
Nedstestølen: 95
Drægnismorki: 115 (420)
Ruskesæte: 79 (180)
Lønningane: 58
Gjerseggi: 332 (520)
Åsetvatnet: 205 (384)
Bergaflaten: 166 (225)
Storatjødni: 620 (920)
Dulsete: 640 (600)
Sengaberget: 1062
Sjurolavikjane: 974
Fureholten: 396 (229)
Vetahovden: 61 (130)
Wittgenstein: 223
Rebni: 407 (750)
Rebnisli: 383 (500)
Fjøsnastølen: 131 (90)

For turorienteringsgruppa

Stine Mari Flikki Fuglesteg

Medlemstal

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	4	9	12	6	75	106
Menn	7	15	11	5	69	107
Totalt	11	24	23	11	144	213

Styrets økonomiske beretning

Dokumenter som skal komme i tillegg:

- **Årsregnskapet.**
- **Kontrollutvalget beretning**

Signatur

Leiar: Elin Hauge

Nestleiar: Stine Rebni Bjørk

Monica Hundere

Vegard Fodnes

Jakob Øygard

Mona Bukve

Forslag og saker

Sak 9.1: Sognefjellet sommerskisenter:

Råmund Mundhjeld har gjennom Sognefjellshytta komme med tilbod der han tek over aksjeane som IL Fanaråk har i selskapet for 1 kr pr aksje. Aksjane har ein verdi på 146 000 kr.

I tillegg til IL Fanaråk og Sognefjellshytta har Magne Hålien, Eirik Nyhus, Skjolden Hotell, Turtagrø hotell og Vassbakken Kro og Camping as 4 aksjear kvar. Desse 5 aksjonærane vil overføre sine aksjear til Sognefjellshytta til ein verdi av 1 kr pr aksje.

Interessa for sommarski har dei siste åra gått ned og det har ikkje vore mogleg å drive selskapet med overskot. Utgiftene til drift gjennom maskiner, salt og diesel er større enn løypeinntektene. Dagleg leiar Ove Fortun slutta våren 2024 i jobben.

Sognefjellet sommerskisenter er eit as der ein har forplikta seg til ikkje å ta ut utbytte. Såleis tener ikkje IL Fanaråk noko på å ha aksjear i selskapet.

Innspel frå styret: Sognefjellet sommerskisenter er eit as der ein har skrive under at ein ikkje skal ta ut overskot. IL Fanaråk kan dermed berre tene pengar på selskapet gjennom eit sal av aksjear. Slik me ser det no, med den økonomiske situasjonen til sommerskisenteret ser ein ikkje det som realistisk at ein skal tene pengar ved ein sal. Internasjonalt og nasjonalt opplever sommerskisenteret som andre skisenter at besøkstala får ned. Lokalt er det liten interesse for sommarskisenteret både ved bruk og ved engasjement. Ein ser på det som einaste moglegheit for vidare drift av sommerskisenteret at IL Fanaråk gir frå seg aksjeposten og at Sognefjellshytta kan drifte selskapet vidare.

Sak 9.2 Lov for IL Fanaråk

Endring under punkt 2 – organisering. Det er lagt til det som står i kursiv:

Idrettslaget er sjølvleigande og frittstående med berre personlege medlemmer. Idrettslaget har samarbeid med IL Luster, Hafslø IL, Veitastrand IL og Bjørn IL i aktivitetar som fotball og stolpejakt.

Sak 10: Fastsetjing av medlemskontigent og treningsavgift

Styret i IL Fanaråk ynskjer at alle skal ha moglegheit å vere med i idrettslaget. Forslag frå styret er at enkeltmedlemsskapet kostar 200 kr og familemedlemsskapet 600 kr.

IL Fanaråk har ikkje treningsavgift på aktiviteten i idrettslaget.

Dersom det er økonomisk vanskeleg å betale medlemsskapsavgifta for barn og ungdom kan ein søkje Luster Fritidsfond om støtte. Dette kan idrettslaget hjelpe til med.

ORGANISASJONSPLAN 2025

IL Fanaråk består av eit hovudstyret og 5 undergrupper.

Styret er samansett slik:

- Leiar
- Nestleiar

- Kasserar
- Sekretær
- 2 styremedlem
- 2 vara til styret

Undergruppene

- 1.Fotball
- 2.Trim /friidrett (tidlegare: barneidrett, friskis, innebandy, volleyball + basistrening)
- 3.Ski
- 4.Klatring
- 5.Turorientering

Andre:

Ungdomsrepresentantar: 2 stk

Anleggsgruppe: 2 stk

Utsendingar til Luster Idrettsråd: 1 representat + 1 vara, 1 representant i valnemda til Luster idrettsråd.

Kontrollutval: 2 stk + 1 vara

Valnemd: 3 stk

(Representant til Sognefjellet Sommerskisenter: 2 representantar + 1 vara)